

Saksbehandlar: Elisabet Skrede, Tannhelsetenesta
Sak nr.: 19/4527-1

Oppfølging av FT sak 25/16 Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur. Arealbehov ved tannklinikane i Florø og Sogndal

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert arbeidd vidare med å skaffe nytt areal til ny tannklinikk i Florø. Klinikken skal dimensjonerast for 6 behandlarrom og ha ei sentral plassering i Florø slik det går fram av saksutgreiinga. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne endeleg løysing.
2. Arbeidet med å planlegge og bygge ein ny tannklinikk i Sogndal vert sett i gang. Klinikken skal dimensjonerast for 8 behandlarrom og etablerast på fylkeskommunal grunn på Fosshaugane slik det går fram av saksutgreiinga. Fylkestinget godkjenner kostnads-overslaget på 23,5 mill. kr til prosjektet og 4 mill. kr til dentalteknisk innreiing av klinikken.
3. Endringar i drift- og investeringsbudsjettet vert å innarbeide i økonomiplan for 2020-2023 for nye Vestland fylkeskommune.

Vedlegg:

- Brev frå Flora kommune datert 15.05.19 (unntatt off)
- Brev frå Sogndal kommune datert 15.05.19

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde i sak 13/19, Oppfølging av FT sak 25/16 Tannhelseteneseta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur, følgjande vedtak (pkt. 3):

«Det skal leggjast fram ei eiga sak for fylkestinget i juni som vurderer moglege alternativ og vidare framdrift i arbeidet med å løyse arealbehova ved tannklinikane i Florø og Sogndal.»

Bakgrunnen for vedtakspunktet er at Florø tannklinikk no ligg i eit bygg med fleire leigetakarar og avgrensa moglegheit for utviding. Lokala er heller ikkje godt nok universelt utforma. For Sogndal tannklinikk er det og vurdert utviding av lokala, men klinikken si fysiske plassering gjer det svært vanskeleg å få til ei tilfredsstillande løysing etter dagens standard.

2. Vurderingar, alternative løysingar og konsekvensar

Florø tannklinikk

Det er utarbeidd eit enkelt romprogram for ein ny klinikk i Florø med eit arealbehov på om lag 400 m² netto, med 6 behandlingsrom. Det totale brutto arealbehovet vil vere avhengig av ev. fellesløysingar i det anlegget vi etablerer oss i.

Klinikken i Florø har i dag ei sentral plassering. I dialog med Flora kommune er det semje om at klinikken også i framtida bør ha ei tilsvarande sentral plassering, dvs. i og omkring det gamle bysentret i Florø. Her ligg skulane og helsetilboda til dei eldre som er dei primære kundegruppene

våre. Også av omsyn til kollektivtransport er ei sentral plassering å føretrekkje. For bebuarane på øyane omkring Florø vil ei plassering nær båtanløpet på Fugleskjærskai vere ei føremon.

Det er og gjort vurderingar av ei ev plassering av tannklinikken på det fylkeskommunale arealet ved Flora vidaregåande skule. Dette ville ha føremoner i høve eigarskap og teknisk drift av arealet. Det er pr. no ikkje ledige lokale for ombygging/tilpassing til ein slik klinikk her og eit nytt bygg vil då være avhengig av at vi ervervar areal til føremålet. Vi må då og truleg pårekne ei omregulering.

Samla sett vurderer då fylkesrådmannen det slik at det er tenleg å søke etter ledige areal, ev areal som skal byggast, sentralt i Florø sentrum til føremålet. Vi er kjende med at det er fleire private aktørar som ynskjer å tilby dette. Vidare har Flora Hamn ny skysstasjon på Fugleskjærskai under planlegging (jf. eigen intensjonsavtale om leige av areal til kollektivføremål) samt at kommunen har eit eige administrasjonsbygg med utleige-/seksjoneringsmoglegheiter under planlegging sentralt i byen.

Det har vore god dialog med administrativ leiging i Flora kommune i saka. Kommunen er positiv til tiltaket og ynskjer ein vidare dialog mot ei endeleg løysing. Brev frå kommunen datert 15.05.19 ligg ved saka.

Vi betalar i dag om lag 460.000,- inkl. mva. kr i årleg husleige i Florø. Det må påreknast at ei ny etablering/leigeavtale vil medføre auke i den årlege husleiga då vi og må leige eit noko større areal enn det vi har i dag.

Sogndal tannklinikk

Det er utarbeida eit enkelt romprogram for ein ev ny klinikk i Sogndal med eit arealbehov på om lag 480 m2 netto, med 8 behandlarrom. Det totale brutto arealbehovet vil vere avhengig av fellesløysingar i det anlegget vi etablerer oss i.

Klinikken har i dag ei sentral plassering i sentrum i Sogndal. Klinikken er i leigde areal og er i dag for liten med tanke på tal behandlingsrom og fellesareal. I tillegg har klinikken etablert eit tilbod til tortur- og overgrepsette og personar med sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Det er vurdert ei utviding av dei eksisterande lokala, men med omsyn til klinikken si fysiske plassering er det ikkje mogeleg å få til ei tilfredsstillande, langsiktig god løysing her.

Fylkeskommunen eig i dag relativt store areal på Fosshaugane, Campus Sogndal, der den vidaregåande skulen er. Vi har sett på kva moglege løysingar som ligg i å ev etablere ein moderne tannklinikk her. Plasseringa er interessant pga. nærleiken til skulane og relativt kort avstand til omsorgssenteret og kollektivtilbodet i Sogndal. Primærgruppene vi tener har såleis ei grei tilkomst og ikkje lang avstand til klinikken.

To hovudalternativ har peika seg ut for fysisk plassering. Det mest aktuelle er knytt til påbygg av «tribuneblokka» i sør/aust. Det andre er å etablere klinikken på arealet bak Sogndal Idrettshall i nord/vest. Begge alternativa har den føremon at vi ikkje treng erverve areal og at den vil inngå i den etablerte bygningsmassen vi i dag teknisk driftar i Sogndal. Begge alternativa vil krevje ei investering på om lag 23,5 mill. kr, grovt kalkulert (dagens prisnivå).

I tillegg til dette kjem tannteknisk behandlingsutstyr. Omfanget av dette vil vere avhengig av kor mykje ein ev kan flytte, men det er kalkulert med at vi treng om lag 4 mill. kr. til det dentaltekniske utstyret ved ei slik etablering.

Det har vore ein god dialog med administrativ leiging i Sogndal kommune i saka. Ulike alternativ er drøfta og kommunen er positiv til satsinga. Reguleringsføremålet på staden er i orden og kommunen har ikkje merknader til ei framtidig etablering av den offentlege tannklinikken på Fosshaugane. Brev frå kommunen datert 15.05.19 ligg ved saka.

Dersom fylkestinget gjer vedtak no, kan planlegginga starte straks og klinikken i hovudtrekk vere ferdig i løpet av 2020, slik at vi kan planlegge innflytting 1. kvartal 2021.

Eksisterande leigeavtale for klinikken i Sogndal går ut 30.06.20 og vi betalar i dag nær 900.000,- kr. inkl. mva. i årleg leige. Ei framtidig etablering i eigne lokale på Fosshaugane vil gi ei tilsvarande innsparing, men finanskostnader knytt til investeringa vil sjølvsagt komme til. Grovt vurdert vil innsparte husleigeutgifter dekke auka kapitalkostnader knytt til bygginvesteringa.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at ein i Florø arbeider vidare med å etablere ein ny klinikk i sentrum gjennom ny leigeavtale for det aktuelle areal. I Sogndal vert det tilrådd å starte planlegging og bygging av ny klinikk knytt til det fylkeskommunale arealet ved Sogndal vidaregåande skule på Fosshaugane.

Med desse løysingane ser fylkesrådmannen at ein kan få etablert framtidsetta, moderne klinikkar i Florø og Sogndal i samsvar med vedteken struktur for tannhelsetenesta. Sett i høve til den auka satsinga meiner fylkesrådmannen at kostnadane er akseptable.